


A group of six students, three girls and three boys, are walking together on a paved path in front of a building. The building has a large glass entrance with the word 'HOVUDINNGANG' above it. The students are dressed in casual attire, including jackets and sweaters. The image is overlaid with a semi-transparent blue rectangle containing the text 'Foreldremøte' and 'vg1'.

Foreldremøte

vg1



CAMPUS SOGNDAL SØR

CAMPUS SOGNDAL VEST

CAMPUS SOGNDAL NORD

SOGN OG FJ. FYLKESKOMMUNE

SOGNDAL FOTBALL

HØGSKULEN PÅ VESTLANDET

SOGNDAL KOMMUNE

Avdelingsleiarar



Henry Helle

Assisterende rektor

Avdelingsleiar for elektro, teknologi og industrifag og yrkessjåfør



Jorunn Margrethe Vigdal

Avdelingsleiar for elevenesta



Astrid Hove

Administrativ leiar



Lars Olav Halleråker

Avdelingsleiar for helse og oppvekst og idrett



Per Ivar Lomheim

Avdelingsleiar for bygg- og anleggsteknikk og restaurant- og matfag



Unn Elin Lohne

Avdelingsleiar for studie-spesialiserande og media- og komm.



Ann Kristin Sperle

Avdelingsleiar for studie-spesialiserande og sal, service og reiseliv

Elevtenesta



Jarle Flo
Karriererettleiar




Judith Ulstein
Sosialpedagogisk
rettleiar



Lisbeth Bekken
Rådgjevar tilpassa
opplæring




Svein Hauge
Arbeidslivskontakt




**Tonje Beate
Skåden**
Miljøkoordinator



**Hedda Bulie
Haanæs**
Miljøkoordinator



**Susanne Bjune
Mead**
Helsesjukepleiar



Strategiplan 2024 - 2034

Strategiske grep:

*lærelyst *relasjon * innovasjon *samskaping

Overordna mål:

- Vi skal få fram det beste i alle elevar og hjelpe dei til å gjennomføre vidaregåande skule
- Vi skal samhandle internt til det beste for utvikling av eleven
- Vi skal samhandle med samfunnet rundt oss slik at elevane våre vert rusta til vidare utdanning og yrkesval til beste for næringslivet
- Vi skal ha dei mest kompetente tilsette
- Vi skal bruke tildelte ressursar til beste for elevane
- Vi skal vere den beste vidaregåande skulen i landet, elevar og tilsette skal trivast her

Strategiske retningar

Programområde	Vg1	Vg2	Vg3
BAT		4	5
EL		2	2
HO		3	3
ID		1	1
RM		1	1
SSR		1	1
ST		3	3
TIF		3	2

påbygg, grunnskule for minoritetsspråklege, vaksenopplæring

Omdømmemål: Sogndal vgs – ein god stad for vekst og visdom

Samfunnsoppdrag: Vi skal danne og utdanne elevar

Verdiar: *kompetent *open *modig

Visjon: nyskapande og bærekraftig

Vi legg vekt på:



Lærelyst

- Vurdering for læring
- Undervisningspraksis
- Elevdemokrati og medverknad
- Konsentrasjon og uthald

Relasjon

- Inkludering
- Respekt for kvarandre
- Samspel elev og elev, elev og lærar og lærar og lærar

Samskaping

- Nærvær tilsette og elevar
- Næringsliv
- Frå bhg til phd
- Hvl

Innovasjon

- FOU- arbeid
- Ungdomsbedrift
- Teknologi



Avgangsmarkeringar

- Ei russegruppe i Sogndal, til nød ei russegruppe per klasse
- Eit russestyre med doble funksjonar på nokre roller
- Ein felles russegenser – start på design no
- Usikkerheit kring skulereglar og sentrale retningslinjer styresmaktene og russekle
- [Russetiden: Foreslår flere endringer – NRK Østfold – Lokale nyheter, TV og radio](#)
- [Regjeringen vil ha en tryggere og mer inkluderende russetid - regjeringen.no](#)
- Legge til rette for aktivitetar på tvers av klassene på trinnet jf over

Skulereglar

Elevane sine:

- rettar og plikter

Orden


Oppførsel

Vurdering i orden og oppførsel

[Forskrift om skulereglar, Vestland fylkeskommune - Lovdata](#)



Elevutfordringar



Utfordringar og konsekvensar



Utfordring	Konsekvens
Kjem for seint til timen	Ordensmerknad
Elevar som har behov for å forlate timen må ha løyve frå lærar	Merknad om eleven forlet timen utan løyve
Elev som forlet timen og ikkje kjem att	Dersom eleven er vekke meir enn halvparten av timen vert det ført fråvær og eleven får merknad.
Krangling, kverulering, utidig språkbruk	Alternativt klasserom, må ha med bøker og pc. Eleven fyller ut dokumentasjon på kvifor hen er der jf opplæringslova § 10-2. Fem merknader av denne typen fører til igangsetjing av tiltak.
Ufine/kverulerande meldingar som blir sendt faglærar/kontaktlærar på dag- og kveldstid	Meldingane vert dokumenterte og det vert sett merknad.
Bruk av mobil i timen etter løyve frå lærar og bruken utartar	Alternativt klasserom

Utfordringar og konsekvensar



Utfordring	Konsekvens
Særs utidig språkbruk – grove truslar, rasisme, seksistiske kommentarar	Saka automatisk eskalert til rektor, eleven blir vist ut frå timen og skal til alternativt klasserom. Varsel til elev og føresette.
Manglande respekt for medelevar	Alternativt klasserom.
Manglande respekt for lærar	Alternativt klasserom
Elevar som forstyrrar undervisninga	Alternativt klasserom
Tull og bråk i fellesarealet	Eleven blir tatt bilete av for dokumentasjon og identifikasjon. Biletet vert sletta når merknad er ført.

Trygt og godt skulemiljø

Presentasjon til elevar og føresette

I eit godt læringsmiljø

- har elevar og lærarar gjensidig respekt for kvarandre
- har elevar og lærarar tru på at elevane kan lære og utvikle seg
- tørr elevane å spørje om hjelp
- opplever elevane at lærarane vil dei vel
- blir det lagt til rette for variert og fleksibel opplæring som fremjar lærelyst



Rett til eit trygt og godt skulemiljø

Opplæringslova kap. 12

- Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.
- Det er elevane si eiga oppleving av korleis dei har det på skulen, som er avgjerande.



Sogndal vgs har nulltoleranse mot krenkingar, jf. oppl. § 12-3

Eksempla som er nemnt i lova er **mobbing, vald, diskriminering og trakassering**, men skulen har og nulltoleranse for mindre alvorlege krenkingar. **Verken direkte handlingar som eksempelvis hatytringar, eller meir indirekte krenkingar, som utestenging, isolering og baksnakking skal tolererast.**

Kva som er ein krenking skal tolkast vidt, men **ikkje slik at alle kritiske utsegn eller ueinigheiter er krenkingar**. Skulen si oppgåve er og å lære elevar å tenke kritisk og å respektere andre sine meningar og overtydingar.



Sogndal vgs.
Vestland fylkeskommune



Skulen si aktivitetsplikt

Alle tilsette på skulen skal:

- følgje med på at elevane har eit trygt og godt skulemiljø
- gripe inn mot krenkingar (som mobbing, vald, diskriminering og trakassering) og stoppe ein pågåande situasjon, dersom det er mogeleg
- seie ifrå til avdelingsleiar ved mistanke eller kjennskap om at ein elev ikkje har det trygt og godt

Avdelingsleiar skal undersøkje det som har skjedd

Avdelingsleiar ser til at det vert laga ein aktivitetsplan og sett inn eigna tiltak som er til eleven sitt beste (skulen skal vurdere kva som er eigna tiltak – eleven skal få uttale seg om tiltaka)



Sogndal vgs.
Vestland fylkeskommune



- Skulemiljøsaker skal meldast til avdelingsleiar.
- Avdelingsleiar hentar inn informasjon om eleven/elevane frå elevtenesta og kontaktlærar.
- Varsling skal dokumenterast ved å fylle ut varselskjema:
 - [Kap 12 Varslingsskjema Svgs.docx](#)
- Avdelingsleiar orienterer rektor.

Rektor skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle.

Skjerpa aktivitetsplikt

- oppl. § 12-5

- Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, krenkjer ein elev, skal vedkommande straks melde frå til rektor. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen, med mindre meldinga er openbert grunnlaus.
- Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga ved skolen krenkjer ein elev, skal vedkommande melde frå til kommunen eller fylkeskommunen direkte.



- Det er ikkje eleven si subjektive oppfatning åleine som avgjer om ein lærar eller annan tilsett har opptredd krenkande
- Ytringar som er ein del av eit akseptabelt sosialt samspel, reknast ikkje som krenkingar. Dette gjeld sjølv om ein elev utifrå si eiga subjektive oppleving opplever ytringa som krenkande
- Elevar kan bli irettesett av lærarar eller oppleve usemje med lærar (eller andre elevar) utan at dette vil vere ei krenking
- Krenkingsomgrepet er objektivt og det må definerast ut ifrå ei heilskapleg vurdering av om noko er ei krenking, ikkje berre utifrå opplevinga til den enkelte elev *Udir*

Melde saka til Statsforvaltaren

Statsforvaltaren skal finne ut om skulen har oppfylt aktivitetsplikta si, og bestemme kva skulen skal gjere for at eleven får det trygt og godt på skulen.

- Dersom du til dømes meiner at skulen ikkje har gjort nok, kan du melde saka til Statsforvaltaren.
- Først må du ta opp saka med rektor på skulen.
- Det må ha gått minst ei veke frå du tok opp saka med rektor.
- Saka må gjelde skulemiljøet på den skulen du går på no.
- Er det helt spesielle tilfelle, kan du uansett ta kontakt med Statsforvaltaren.



Nyttige lenkjer der du finn informasjon:

- Skulen si heimeside
- [Rettigheiter og plikter for et trygt og godt skolemiljø | udir.no](#)
- [Skole, vennskap og mobbing | Bufdir](#)
- [Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) - Lovdata](#)

Samarbeid heim – skule (informasjonsplattformer)



- [Skulen si heimeside](#)
- **Visma In School (VIS)**
 - Innlogging via heimesida – snarvegar (oppe i høgre hjørne)
 - [InSchool- introduksjonsvideo for føresette](#)
 - [Introduksjon InSchool \(nettlesar\) - elevar](#)
 - [Introduksjon InSchool - Min Inschool app - elevar](#)
- **Teams (tilgang berre for elevar)**

Samarbeid heim –skule

§9-8 Fråvæersgrense i vidaregåande skule



- Fråvæersgrensa på 10% gjeld for udokumentert fråvær - X og M
- **Nytt:** Elevar kan levere eigenmelding for fråvær av helsegrunnar opp til 10%. Det vert registrert som M og tel med på fråvæersgrensa (§9-8a)
- **Nytt:** Når fråvæersgrensa er nådd må ytterlegare helserelatert fråvær dokumenterast. Det vert då registrert som D.
- Dokumentert fråvær - D (kjem på vitnemålet, men 10 dagar kan trekkast i frå etter søknad i InSchool) - §9-8 b-i.
- Organisert studiearbeid – R (kjem ikkje på vitnemålet):
 - Rådgjeving og PP- tenesta
 - Elevrådsarbeid
 - Sjølvstendig studiearbeid etter søknad (eks. idrettspermisjon)
- **Nytt:** Overskriding av fråvæersgrensa får berre konsekvensar for standpunktkarakter og halvårsvurdering med karakter ved slutten av skuleåret (i fag ein skal fortsetje med).

Fråvær og varsling

§9-7 Varsling om at karakteren kan falle bort eller bli sett ned



- Elev og føresett skal varslast skriftleg dersom eleven står i fare for ikkje å få karakter (IV) ved standpunktkarakter /halvårsvurdering ved skuleslutt i faget.
 - Varsling ved stort fråvær
 - Varsling ved manglande vurderingsgrunnlag
- Elev og føresett skal og varslast skriftleg dersom eleven står i fare for å få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden /åtferd.
- Rektor kan bruke skjønnp opp til 15% udokumentert fråvær.



Klasseforeldremøte

